



Saksprotokoll

Organ: **Fylkestinget**

Møtedato: 08.12.2015

Sak nr.: 15/11642-5
Internt I.nr. 53431/15

Sak: 58/15

Tittel: Rullering av handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram for klima og miljø 2016 – 2017.
2. Rapportering på tiltaka og rullering av handlingsprogrammet vert gjort i 2017.
3. Tiltak frå handlingsprogrammet skal vurderast i arbeidet med andre regionale planar.
4. Tiltak frå handlingsprogrammet som krev ekstra løyvingar må ev. vurderast i budsjettprosessane.
5. Fylkesrådmann får mandat til å organisere oppfølging av vedteke handlingsprogram

Endringsframlegg:

Venstre, Miljøpartiet Dei Grøne og Sosialistisk Venstreparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Nytt endra punkt 3: Tiltak frå handlingsprogrammet skal innarbeidast i andre regionale planar.

Nytt vedtakspunkt 6: Fylkestinget syner til innskjerpa krav til miljøvekting i offentlege anbod på minimum 30 pst. og at stortinget varslar mål om [lav-og nullutsleppsteknologi](#) på alle nye ferjer, drosjer og rutebåtar. Fylkestinget ber om ei eiga rullering om desse punkta i handlingsdelen i klima- og miljøplanen i 2017.

Tilføyning til punktet: Legge til rette for aktørar som ynskjer å byggje nullutsleppshus *og lafta hus*. Tilføyning i kursiv

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Tillegg til punkt 1 i fylkesutvalet si tilråding:

1. Fylkeskommunen skal stille klimakrav til bedrifter vi eig i, handlar med eller investerer i. Bedrifter vi eig i skal rapportere på klima- og miljøverknader i eigarmeldinga. Fylkesutvalet får i oppgåve å avgjere korleis dette skal konkretiserast.
2. Fylkestinget skal ha ein temadag om klimapolitikk.

Avrøysting:

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti vart samråystes vedteke.

Framlegget frå Venstre, Miljøpartiet Dei Grøne og Sosialistisk Venstreparti vart samråystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, med vedtekne endringar, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram for klima og miljø 2016 – 2017 med slike tillegg:
 - A. Fylkeskommunen skal stille klimakrav til bedrifter vi eig i, handlar med eller investerer i. Bedrifter vi eig i skal rapportere på klima- og miljøverknader i eigarmeldinga. Fylkesutvalet får i oppgåve å avgjere korleis dette skal konkretiserast.
 - B. Fylkestinget skal ha ein temadag om klimapolitikk.
2. Rapportering på tiltaka og rullering av handlingsprogrammet vert gjort i 2017.
3. Tiltak frå handlingsprogrammet skal innarbeidast i andre regionale planar.
4. Tiltak frå handlingsprogrammet som krev ekstra løyvingar må ev. vurderast i budsjettprosessane.
5. Fylkesrådmannen får mandat til å organisere oppfølging av vedteke handlingsprogram.
6. Fylkestinget syner til innskjerpa krav til miljøvekting i offentlege anbod på minimum 30 pst. og at Stortinget varsler mål om lav-og nullutsleppsteknologi på alle nye ferjer, drosjer og rutebåtar. Fylkestinget ber om ei eiga rullering om desse punkta i handlingsdelen i klima- og miljøplanen i 2017.

Tilføying til punktet: Legge til rette for aktørar som ynskjer å byggje nullutsleppshus og lafta hus